

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 15.04.2015

Medlem Mona Røsvik Strømme er styremedlem i KODE og gjekk frå som ugild jfr. forvaltningslova § 6, 1.ledd bokstav e.

Det var 11 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet fordeler museumsplanmidlar, 1 450 000 mill. kroner, på institusjonsnivå, budsjettpost 400.660.52.14700, slik:

Tiltak	Til fordeling	Fordeling på institusjon
Tiltak 1 Drift og investeringar	200 000 kr til museumsløft	Felles til alle musea, organisert gjennom Museum Vest
Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum	200 000 kr til tiltak/dokumentasjon av endringsprosessar	Sunnhordland Museum
Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning	750 000 kr til Thermo Lignum-kammer	Bevaringstenestene (Museumssenteret i Hordaland)
Tiltak 30 Digitalt Museum og interaktiv kommunikasjon med publikum	300 000 kr til dei seks musea som ikkje tidlegare har fått midlar til eit slikt løft om digitalisering	Bymuseet i Bergen: 50 000 kr Olav H. Hauge-senteret: 50 000 kr Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum: 50 000 kr Museum Vest: 50 000 kr Museumssenteret i Hordaland: 50 000 kr KODE: 50 000 kr
Totalt	1 450 000 kr	

2. Konkretisering av oppdrag knytt til evaluering av museumsreforma og forprosjekt om utgreiing om fellestenester for fotografi vert å kome attende til i eiga sak etter sommaren